

Informasjonsplan for Midt-Telemark kyrkjeleg fellesnemnd

For å gjennomføre ein open og transparent prosess har fellesnemnda fylgjande plan for informasjon.

Eksternt

Fellesnemnda bør ha fokus på å informere godt til innbyggjarane i kommunane, med eit spesielt fokus på medlemmane i kyrkjelydane. Det er viktig at alle kan finne sakspapir og status for arbeidet med samanslåinga, og at informasjonen er laga for auke kunnskapen om kva som skjer og kvifor.

Nettstad

Det er oppretta ein eigen nettstad for fellesnemnda. Dei to sokneråda opprettar linkar til denne. Der blir det lagt ut generell informasjon om prosjektet: Mandat og samansetning av nemnda, møteplan og løypande aktuell informasjon. Prosjektleiaren er ansvarleg for at denne sida blir oppdatert.

Sakliste/ saksdokument

- Møteplan og sakliste til møta i fellesnemnda blir offentleggjort på nettsida samtidig med at sakspapira blir sendt ut.
- Kyrkjeverjene vidaresender papira til dei to sokneråda.
- Sakliste og sakspapir blir sendt ut til alle tillitsvalte i tillitsvaltforum.
- Protokollar frå møta blir offentleggjort på nettsida når dei er godkjent.

Tilsette

Dei tilsette blir informert av respektiv kyrkjeverje om prosjektet sin nettstad som dei sjølve har ansvar for å fylgje med på. Vidare blir dei tilsette invitert til informasjons- og drøftingsmøte minst ein gong i kvartalet. Desse informasjonssamlingane skal også ha eit fagleg og sosialt innhald, med fokus på å bygge eit nytt og større arbeidsfellesskap.

Medlemmar i sokneråda

Alle soknerådsmedlemmane i dei to sokneråda blir invitert til informasjons- og drøftingsmøte minst kvart halvår.

Vedteken av kyrkjeleg fellesnemnd i sak 011/18 15.mars 2018